

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	31.10.2022
Vår referanse	2022/90989-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Andreas Sivertsen Våge
E-post	Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no
Telefon	45617420

Vedtak - Dispensasjon frå byggegrense - fv. 5312 - gnr. 316 bnr. 2 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 20.10.2022.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot fv. 5312 Melandsvegen for å oppføre eit tilbygg på eksisterande bustad på gnr. 316 bnr. 2 i Alver kommune.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 5312 for å oppføre tilbygg på gnr. 316 bnr. 2 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 26.09.2022.
2. Avstanden frå tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på Melandsvegen skal vera minst 33 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslé må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg [nummer].
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgntrafikk (ÅDT) er 150. Fylkesvegen er klassifisert til haldningsklasse 4 jf. «Rammeplan for avkøyrslé og byggegrenser (2021 – 2024)». Dette betyr at

fylkesvegen først og fremst er ein lokalveg og at vi i hovudsak legger ein byggegrense på 15 meter til grunn ved vurdering av nye tiltak.

Tilbygget det er søkt om vil ligge 33,6 meter frå fylkesvegmidte og med større avstand frå fylkesvegen enn eksisterande bustad på eigedomen. Etter ein samla vurdering av forholda på staden gir vi løyve til tiltaket det er søkt om.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Andreas Sivertsen Våge
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1

Situasjonskart.pdf